



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval         | Type | Dato       |
|---------|---------------|------|------------|
| 03/2016 | Kommunestyret | PS   | 25.01.2016 |

| Sakshandsamar      | Arkiv    | ArkivsakID |
|--------------------|----------|------------|
| Svein-Ove Hesjedal | FA - M60 | 15/1809    |

### BIR - HØYRING AV AVFALLS- OG RESSURSSTRATEGI FOR 2016-2020

#### Vedlegg:

Høyring - BIRS Avfalls- og ressursstrategi til kommunal uttale 2016-2020  
Avfalls- og ressursstrategi\_HØYRING2

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune har handsama BIR sitt utkast til Avfalls- og ressursstrategi (2016-2020) for dei lovpålagde oppgåvene BIR utfører for kommunen. Kommunestyret har ingen merknader til strategien og tilrår at den vert endeleg vedtatt av styret i BIR AS.

#### Kommunestyret - Sak 03/2016

#### KOM - Behandling:

Det vart gitt ei orientering om avfalls- og ressursstrategien v/BIR:

- Adm.dir. Steinar Nævdal
- Forvaltnings- og utviklingssjef Toralf Igesund
- Kommunikasjonssjef Mette Nygård Havre

Kommunestyret ber rådmannen om ei utgreiing vedk. bruk av andre selskap enn BIR ved innsamling av næringsavfall.

Samrøystes vedtak.

#### KOM - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune har handsama BIR sitt utkast til Avfalls- og ressursstrategi (2016-2020) for dei lovpålagde oppgåvene BIR utfører for kommunen. Kommunestyret har ingen merknader til strategien og tilrår at den vert endeleg vedtatt av styret i BIR AS.

BIR har laga eit utkast til avfalls- og ressursstrategi for perioden 2016-2020. Ulikt tidelegare avfallsplanar er dette ein meir overordna strategi som gir retning for utvikling og prioritering av dei lovpålagde oppgåvene som BIR utfører på vegne av kommunen etter forureiningslova § 30. Strategien omfattar alle selskapa i BIR som har ansvar for hushaldsavfallet. Dette gjeld BIR Privat, BIR Avfallsenergi, BIR Transport og BIR Nett.

#### Om strategien

Strategien er bygd opp rundt fire strategiske grep:

1. Kundane i BIR skal ha eit likeverdig tenestetilbod som vert opplevd som enkelt, fleksibelt og tilgjengeleg
2. BIR skal ha høgast mulig grad av kvalitetsgjenvinning for materiale og energi
3. BIR skal bidra til at eigarkommunane når sine klima- og miljømål gjennom tiltak på eigne utslepp
4. BIR skal arbeide for meir regionalt samarbeid på avfallsområdet

Til desse strategiske grepa er det formulert 16 mål. Dei aller fleste er konkrete og målbare, medan nokre er meir prosessmål som krev samarbeid utanfor BIR for å kunne nåast. Handlingsplanar med nærare utgreiingar av konkrete tiltak som skal setjast i verk for å nå måla vert utarbeide av dei ansvarlege BIR selskapa.

Alle dei strategiske grepa og måla i strategien bygg opp under BIR AS sin overordna strategiplan for perioden 2015-2019.

#### Høyring og vedtaksprosess

Styret i BIR AS godkjende 26. november 2015 at utkastet til avfalls- og ressursstrategi skulle sendast eigarkommunane for politisk uttale. Innspela frå høyringa vil verte handsama og innarbeidd i den endelege strategien. Det er styret i BIR AS som vedtar den endelege avfalls- og ressursstrategien.